

Kunnskapsdepartementet

Høyringsnotat – forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån 2019

Oktober 2018

## Innhald

1. Hovudinnhaldet i høyringsnotatet .....	3
2. Bakgrunn.....	3
3. Hovudtrekk i ordningane for tilbakebetaling av utdanningslån.....	3
4. Utviding av ordning for sletting av gjeld ved kombinasjon av visse lærarutdanninger med kvensk og samisk språk .....	4
5. Regeltekniske endringar .....	4
6. Økonomiske og administrative konsekvensar.....	5
7. Forslag til forskriftsendringar .....	5

## **1. Hovudinnhaldet i høyringsnotatet**

I dette høyringsnotatet foreslår Kunnskapsdepartementet å utvide ordninga for sletting av gjeld ved kombinasjon av visse lærarutdanninger med kvensk og samisk språk. Ordninga er foreslått utvida til også å gjelde lektorutdanning for trinn 8-13. I tillegg foreslår departementet ei regelteknisk endring i kapittel 5. Denne endringa inneber ingen realitetsendring.

## **2. Bakgrunn**

I *Målrettet plan 2017–2021 – videre innsats for kvensk språk* har Kunnskapsdepartementet, i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet, foreslått ei rekke tiltak for å styrke det kvenske språket. I handlingsplanen blir det lagt opp til at studentar som fullfører ei lærarutdanning med 60 studiepoeng i kvensk også skal omfattast av ordninga for sletting av gjeld som finst i dag for visse lærarutdanninger tatt i kombinasjon med samisk.

## **3. Hovudtrekk i ordningane for tilbakebetaling av utdanningslån**

Utdanningslånet er rentefritt under utdanninga. Når studenten eller eleven ikkje lenger får stipend og lån, blir renter lagde til på lånet. Rentene er marknadsstyrte og blir berekna etter ein modell som er basert på marknadsrentene for bustadlån. Låntakarane kan velje mellom flytande og fast rente på lånet.

Om lag sju månader etter enda utdanning får studenten eller eleven den første rekninga frå Lånekassen. Dei fleste låna skal nedbetalast over 20 år, og med tolv terminforfall i året. Dersom rekninga ikkje blir betalt innan forfall, sender Lånekassen ei første purring med eit gebyr på 280 kroner. Dersom låntakaren ikkje betaler etter den første purringa, blir det lagt til eit gebyr på 490 kroner. Låntakarar som ikkje betaler etter den andre purringa, risikerer at lånet blir overført til Statens Innkrevjingssentral for innkrevjing.

Det er etablert ordningar for å lette nedbetalinga slik at gjelda ikkje skal bli uforholdsmessig høg ved økonomiske og sosiale problem i kortare eller lengre periodar. Alle låntakarar har rett til betalingsutsetjing inntil 36 gonger utan noka særskild årsak.

Retten til sletting av renter er meint å vere eit sosialt sikringsnett for låntakarar med låg inntekt. Det må i så fall ha vore visse økonomiske eller sosiale grunnar til at inntekta har vore låg. Grunnar som kan gi rett til sletting av renter er arbeidsløyse, sjukdom, førstegongsteneste, fødsel/adopsjon eller omsorgsarbeid, fulltidsarbeid med låg inntekt og soning. Sletting av renter blir gjort på etterskott og for periodar opp til tre kalenderår tilbake i tid. Dei fleste som søker om sletting av renter har òg behov for utsetjing av betalinga ved terminforfall. Inntektsgrensene blir auka ved omsorg for barn. Søknad om sletting av renter på grunn av omsorgsarbeid, fulltidsarbeid med låg bruttoinntekt og soning blir òg prøvd mot inntekta til ein eventuell ektefelle eller sambuar med felles barn.

Det finst òg ordningar for sletting av gjeld for ulike grupper av låntakarar. Ordningane har som formål å auke rekrutteringa til visse utdanninger og å gjøre det attraktivt å bu og arbeide i tiltakssona i Finnmark og visse utvalde kommunar i Nord-Troms. Gjelda kan òg bli sletta heilt eller delvis dersom låntakaren blir arbeidsufør.

## **4. Utviding av ordning for sletting av gjeld ved kombinasjon av visse lærarutdanningar med kvensk og samisk språk**

### **4.1 Gjeldande rett**

Studentar som har teke minst 60 studiepoeng i samisk språk som ein del av eller i tillegg til visse lærarutdanningar for barnehagen eller grunnskolen, kan få sletta opptil 50 000 kroner av utdanningsgjelda. Ordninga gjeld ikkje lektorutdanning i kombinasjon med samisk språk. Målsettinga er å rekruttere lærarar med kompetanse i samisk.

### **4.2 Departementet sine vurderingar og forslag**

I januar i år lanserte Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Kommunal- og moderniseringssdepartementet ei handlingsplan for å styrke kvensk språk. Planen legg opp til at kvensk språk skal bli inkludert i ordninga for sletting av gjeld som finst for samisk i kombinasjon med lærarutdanning frå og med 2019. Departementet foreslår derfor at minst 60 studiepoeng i kvensk språk som er teke i kombinasjon med ulike lærarutdanningar skal gi rett til sletting av gjeld frå og med 2019. Dette skal gjelde både når dei 60 studiepoenga er tekne som ein del av lærarutdanninga og i tillegg til anna utdanning.

Parallelt ser departementet behovet for å utvide ordninga for samisk og kvensk som ein del av utdanninga slik at ho dekker alle typar lærarutdanning som kvalifiserer for arbeid i grunnskolen. I dag er ikkje lektorutdanninga for trinn 8-13 omfatta, sjølv om ho har eksistert sidan 2013. Departementet meiner at lektorutdanninga også bør vere omfatta for å rekruttere lærarar med kompetanse i samisk og kvensk språk for ungdomstrinnet og vidaregående opplæring. Dette vil vere ei naudsynt oppdatering av ordninga .

Departementet foreslår òg å fase ut allmennlærarutdanninga frå forskriften. Ho har blitt erstatta av grunnskolelærarutdanning for trinn 1-7 og 5-10, og etter 2017 blir ikkje lenger vitnemål for utdanninga skreve ut.

#### *Departementet sitt forslag*

Departementet foreslår å endre § 10-4 og § 10-5. Sjå kapittel 7 for forslag til forskriftsendringar.

## **5. Regeltekniske endringar**

### **5.1 Avvikling av dobbelt sett med reglar for sletting av gjeld**

#### **5.1.1 Gjeldande rett**

Låntakarar som har vore samanhengande arbeidsuføre i dei seks siste åra og som ikkje har fått arbeidsavklaringspengar eller tilsvarande ytingar i den same perioden, kan få sletta gjeld etter dei same inntektsgrensene som dei som får uførepensjon. Låntakarar som får alderspensjon frå folketrygda kan i særlege tilfelle få sletta utdanningsgjelda heilt eller delvis. Dette er regulert i kapittel 12 i forskrifta om tilbakebetaling. Låntakarar som er i ei vanskeleg økonomisk situasjon som varer ved over tid kan søkje om gjeldsordning. Når Lånekassen vurderer det slik at det er uråd å drive inn gjelta og at låntakaren ikkje har føresetnader for å betale, kan låntakaren òg ha rett til å få sletta lån, renter og kostnader. Dette er regulert i kapittel 6 i forskrifta.

### **5.1.2 Departementet sine vurderingar og forslag**

Låntakarar som er arbeidsuføre og som får alderspensjon (sjå kapittel 12) kan uansett søkje om å få sletta heile eller delar av gjelda etter reglane i kapittel 6.

Reglane i kapittel 6 opnar for ei konkret vurdering av utsiktene til at den økonomiske situasjonen til låntakaren kan bli betre, og til å bruke skjøn i vurderinga. Reglane i kapittel 12 gir ikkje moglegheit til å vurdere den økonomiske situasjonen basert på skjøn, og dette gjer at svært få fyller desse vilkåra. Reglane i kapittel 12 har ikkje lenger noka rolle å spille som tryggleiksnatt for låntakarar som har varig nedsett betalingsevne. Grunnen er at dei låntakarane som fyller vilkåra for sletting av gjeld etter kapittel 12 uansett vil ha rett til sletting av gjeld etter kapittel 6. Slik departementet vurderer det er det ikkje nokon føremon å ha to sett med reglar for det same forholdet. Når innhaldet i reglane i kapittel 12 er dekka av kapittel 6, kan departementet avvikle reglane i kapittel 12 om sletting av gjeld på grunn av arbeidsuførheit og alderspensjon. Dette får ikkje praktiske konsekvensar, sidan ingen låntakarar vil misse retten til sletting av gjeld som følgje av forslaget. Endringa er berre teknisk, og vil bidra til enklare regelverk.

#### *Departementet sitt forslag*

Departementet foreslår å oppheve § 12-2 og § 12-3 og å endre overskrifta til kapittel 12. Sjå kapittel 7 for forslag til forskriftsendringar.

## **6. Økonomiske og administrative konsekvensar**

Forslaget om å inkludere kvensk språk og lektorutdanning i ordninga for sletting av gjeld som finnast for samisk i kombinasjon med lærarutdanning fører til auka behov for løyving til utdanningsstøtte i 2020. Forslaget har blitt fremma i statsbudsjettet for 2019. Sjå Kunnskapsdepartementets fagproposisjon for 2019 for meir informasjon om behova for løyving.

## **7. Forslag til forskriftsendringar**

Departementet foreslår å gjere følgjande endringar i forskrifta om tilbakebetaling av utdanningslån for 2018.

§ 10-4 skal lyde:

#### **§ 10-4. Kvensk eller samisk som ein del av utdanninga**

Ordninga omfattar låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller eit samisk språk som ein del av ei av desse utdanningane:

- a) samisk grunnskolelærarutdanning
- b) samisk barnehagelærarutdanning
- c) grunnskolelærarutdanning
- d) lektorutdanning.

§ 10-5 skal lyde:

#### **§ 10-5. Kvensk eller samisk i tillegg til anna utdanning**

Ordninga omfattar låntakarar som har tatt minst 60 studiepoeng i kvensk eller i eit samisk språk i tillegg til ei av desse utdanningane:

- a) praktisk-pedagogisk utdanning
- b) barnehagelærarutdanning.

Overskrifta til kapittel 12 skal lyde:

Kapittel 12. Sletting av gjeld for låntakarar som er uføre

§ 12-2 og § 12-3 blir oppheva. Noverande § 12-4 blir ny § 12-2.